

Besserud - Dølden (gnr. 179)

Besserud: Namnet blir i bygdemålet uttala Bæ'ssrud og kjem truleg av mannsnamnet Bessi. Dølda, dat. Dølden: Av dæld, f. dokk, liten dal.

Besserud er ein av dei gardane som er nemnt i eit Fåberg-diplom av 1330, og namnet er der skrivi Bessærud. Det går så nærpå 300 år før ein atter finn det brukt i skrift. Det er i Akershus lensrekneskap for 1604, og namnet har da skriveforma Besserudt. Garden svara da tiendekorn med ei ½ td., som t.d. Dallerud, Kasterud og Smedsrud. Alle desse namna er da skrivi med eninga –rudt. I ei skatteliste frå 1610 er fortalt at brukaren på garden heitte Gulik, og at Besserud vart rekna i gruppa for "Øde Gaarde". Frå same året finn ein og Besserud oppført blant det jordegods som Peder Berge i Fåberg åtte. Landskylda av Besserud var da 8 skinn. Gulik brukte Besserud ein heil mannsalder, og i 1624 er det opplyst at han sjøl var jordeigande bonde av 8 skinn skyld i bemeldte Besserud.

Litt meir om storleiken på garden går fram av lista over Kvegskatten 1657. Der er det fortalt at husdyrhaldet på Besserud i den tid var 1 hoppe, 2 hestar, 14 naut, 12 geiter, 14 sauer og 2 griser. Det var ikkje lite til ein øydegard å vera. Om mannfolka på Besserud fortel Mannkjønnsmanntalet av 1665 meir: Det hadde da vore brukarskifte, og den nye heitte Alf Johansen og var 38 år. Han hadde ein tenestgut som heitte Oluf Halvorsen og var 13 år, elles var det ein gamal mann på garden med det framande namnet Daphin Pedersen.

Tre år seinare kom i 1668 den nye matrikkelen med fleire opplysningar om gardane. Om Besserud i Fåberg er det der fortalt at landskylda av garden da var høgda til 1 hud 4 skinn, og dette var alt "Bunden Egedt" gods. Om garden og gardsbruket er det elles fortalt at enga, innmarka var god, og at det var skog nok til gards bruk og dessutan god tømmerkog. Korntienda vart utreidd med 2 tdr., som altså svara til ei årsavling på 20 tdr., og buskapen av store husdyr var da 3 hestar og 15 naut. Det er elles opplyst at garden hadde eiga kvern som det vart svara kverntoll av.

Av den militære rulle over kaptein Georg Reichweins kompani for 1670 går det fram at Alf Besserud sjølv var blant dei 4 rulleførte i 8. Legd: Balberg, Besserud, Gurustad Aasen. Åtte år seinare var Alf framleis gardbrukar på Besserud. Han betalde da i faste årlege utreidsler av Besserud i landskyld 1 hud 4 skinn og dessutan 3 dalar 1 ort og 18 skl. i pengar.

Oluf Alfsen, som var gift med Anne Mortensdr., var brukar på Besserud etter far sin Alf. Men Oluf døde alt i 1716 og det var da arveskifte på Besserud. Ved dette skiftet er det opplyst at garden var odelsgods, og at arvebuet utgjorde netto 116 rd. Arvingane var forutan enka Anne Mortensdr. dei 4 borna i ekteskapet. Av dei var eldste sonen Rasmus Olufsen da 25 år, broren Johannes Olufsen var 23 år, søstera Sessel, som var gift til Lier, var 29 år, og søstera Eli, som var gift til Kolsveen, var 27 år. Rasmus Olufsen, som snart vart ein kjend mann i Fåberg, er elles seinare oftast kalla Rasmus Olsen Besserud.

I Rasmus si brukartid kom i 1723 det nye matrikkelframlegget med nyare opplysningar om gardane. Om Besserud er det der fortalt at garden ligg i sollia, og at jordarten er god, men garden er tungbrukt. Det var skog til brenneved og gjerdefang, seter med god hamn og utslåttar til 1 lass høy. Høyavlinga i det heile var ca. 30 lass, og krøterhaldet var da 3 hestar, 16 naut og 20 sauer. Endeleg er det fortalt at den årlege utsæden var ca. 2 tdr. bygg og litt rug, og garden hadde framleis eiga kvern. Landskylda av garden var som før 1 hud 4 skinn, og det går tydeleg fram at Rasmus Olsen var både eigar og brukar av garden Besserud. Det er og opplyst at det da låg ein husmannsplass med brukande jord til garden. Truleg var det Dølden, som vi i det etterfølgjande ofte kjem til å nemne.

Med Fåberg kyrkjebøker som kjelde finn vi i 1731 namnet Dølden brukt både som familienamn og som namn på eit bruk ved Besserud: Ole Dølden fekk da døypt ei lita dotter som vart kalla Sigrid, Sigrid Olsdr. Tre år seinare var det i 1734 graveferd på Dølden. Gamle

Lars Dølden var da død, 74 år gamal, og visstnok var han far til Ole, som var far til Sigrid, f. 1731.

På Besserud hadde Rasmus Olsen gifta seg oppatt og fekk først ein son i den nye ekteskapet, så i 1732 dottera Inger, i 1734 dottera Sessel, i 1737 sonen Iver og i 1740 sonen Johannes. – Rasmus Olsen er og nemnd som brukar på Besserud i 1747. Han fekk da kvittering av Peder Blegen for arv som kona hans Aaste Rasmusdr. Besserud hadde fått ved skifte etter mor si på Besserud i 1726. Samtidig gav og Jon Nilsen Grønlien kvittering for arv som kona hans, Anne Rasmusdr., hadde arve etter mor si ved same skiftet.

Frå fire år seinare er ein bygselseddel som Rasmus Olsen Besserud i 1751 gav til Ole Larsen Dølden på ”en hans odelsgaard til og underliggende husmandsplads Dølden kaldet beliggende i gaardens hjemenger med aarlig husleie 2 ½ rd.” – Etter atter åtte år gav så i 1758 faren og dei myndige søskena skjøte til eldste sonen, Ole Rasmussen, på Besserud av skyld 1 hud 4 skinn for sum 338 rd.

Ole Rasmussen som da tok over so brukar på Besserud, var gift med Sønnøv Eriksdr. Hov, og dei fekk fleire born: Rasmus fødd 1759, Berit f. 1762, Erik f. 1767, Ingebret f. 1770, Peder f. 1773, Marit f. 1775 og trillingane: Guri, Marthe og Anne f. 1778.

Bror til brukaren, Johannes Rasmussen, som var fødd i 1740, og i mange år var vernepliktig soldat, gifta seg i 1766 med Marit Kristensdr. Gruen, og dei fekk i sin unge, fruktbare alder sønene: Rasmus f. 1766, Kristen f. 1769 og Torgjer f. 1771. Men to av desse gutane, både Rasmus og Kristen, døde i 1773 av ein farleg barnesjukdom som da herja.

I denne tid budde elles Johannes og Marit Besserud med familie i Dølden og brukte dette namnet også som familienamn. Her fekk så Marit og Johannes Dølden 3 born til. De var: 1. Kristen f. 1775, b. Marit f. 1777 og c. Rasmus f. 1780.

På Besserud brukte Ole og Sønnøv garden til i 1793. Da gav dei skjøte til eldste sonen sin, Rasmus Olsen, på grd. Besserud av skyld 1 hud 4 skinn for kjøpesum 650 rd. + føderåd etter kontrakt.

Ole Rasmussen vart elles ikkje føderådsmann meir enn i 6 år. Han døde i 1799, og 26. febr. var det arveskifte på Besserud. Ved dette skiftet utgjorde buet brutto 300 rd. og netto 285 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Sønnøv Eriksdr. dei 8 borna deres som da var i live. Det var av sønene: Rasmus, Erik, Ingebret, Peder og Ole, og av døtrene Beret, Marit og Guri. Beret var da gift med Engebret Grimsrud i Øyer, og Marit var gift med Frants Løvlien i Øyer. Guri, den einaste som levde av trillingane, var ennå ugift.

Etter dette budde det ved folketellinga i 1801 fire familiar på og/eller ved Besserud. Det var:

1. familie: 1. Rasmus Olsen, husbonden, 42 år, 2. Berit Olsdr., kona hans, 27 år, 3. Ole Rasmussen, son deres, 4 år, 4. Kristen Rasmussen, son deres 2 år, 5. Marit Nilsdr., tenestkvinne, 40 år, 5. Mari Pedersdr., tenestkvinne, 13 år, 7. Guri Olsdr., tenestkvinne, 20 år, 8. Sønnøv Engebretsdr., mor til husbonden, føderådskone, 61 år, 9. Ingebret Olsen, bror til husbonden, tømmermann, 28 år.
2. familie: 1. Torgjer Johannesen (Dølden), husmann med jord, 2. Anne Olsdr., kona hans, 26 år.
3. familie: 1. Johannes Rasmussen, føderådsmann (Dølden), 61 år, 2. Marit Hansdr., kona hans, føderådskvinne, (Dølden), 3. Rasmus Johannesen, son deres, skreddar, 31 år.
4. familie: Nils Kristensen, husmann med jord, 39 år, 2. Guri Olsdr., kona hans, 47 år, 3. Kristen Nilsen, son deres, 8 år, 4. Iver Nilsen, 4 år, 5. Arne Nilsen, 1 år.

Men alt fem år seinare gav i 1806 husbonden Rasmus Besserud skjøte til bror sin Peder Olsen på garden Besserud av skyld 1 hud 4 skinn for 1200 rd. + føderåd. I samband med denne handelen lånte Peder Olsen 690 rd. av Ole Arnesen Midtjørstad mot 1. pr. pant i grd. Besserud.

Frå 1812 er ei sak som etter utskrift frå to tingmøte er referert slik:

”2. juni 1812.

Forhør i anledning av at Peder Olsen Besserud har meldt at hans bror Rasmus Olsen Besserud er funnet død i Laugen elv.

Peder Olsen forklarte at Rasmus Olsen var 54 år gl. Han hadde siste vinter ligget til sengs, men hadde været oppe den siste tid. Han var alltid stillferdig, undertiden melankolsk og hadde klaget over tunghet i hovedet. Han efterlot sig kone og 6 barn. Han var gått fra gården kl. 9 den 28. f.m. og blev funnet i Laugen neste dag. Han hadde hatt fiskeri i Laugen og kunne muligens være faldt i mens han røktet dette.

Vidnerne forklarte at de hadde funnet avdøde i elven da de soknet efter ham. Forhøret sluttet.”

”8. desb. 1812.

Frantz Nyhuus som verge for Ole Rasmussen blev ved prok. Sommerfeldt fremstillet for å avlegge den ed som han plikter efter underrettens dom av 24. aug. d.å. (Dompr. 3. pag. 125) Innstevnte møtte ikke. Frantz Olsen Nyhuus fremstod og bekreftet med lovens ed at han vil innløse grd. Besserud, matr. Nr. 90, av skyld 1 hud 4 skind, sin myndling Ole Rasmussen til odel og ikke til nogen annen.”

Den Frantz Nyhuus det her er tale om, var frå Gausdal, men var frå 1812 gift med Guri Rasmusdtr. Besserud.

For dei umyndige borna etter Rasmus Olsen Besserud var dødsfallet hans i 1812 sikkert eit forferdeleg slag. Og enda tyngre vart det for dei da mor deres, Beret Olsdtr., døde alt året etter, i 1813, berre 39 år gamal. Frå skiftet på Besserud 1. desbr. s.å. er m.a. opplyst at av dei 6 borna var da Ole, som hadde odelsretten, 16 år. Namn og alder på dei andre 5 born i ekteskapet var: 1. Kristen 14 år, 2. Kari 10 år, 3. Johannes 8 år, 4. Simon 6 år og 5. Thomas 3 år.

Etter atter seks år kom i 1819 matrikkelframlegget for Fåberg med fleire og nyare opplysningar om gardane. Der er det om Besserud fortalt at buskapan av store husdyr da var 3 hestar og 16 naut, og den årlege kornavlinga er oppgitt til ca. 60 tdr. Dessutan er bruket Dølden ført som eige matr.nr. med eit husdyrhald på 3 storfe og ei årleg kornavling på ca. 6 tdr. Det er elles opplyst at det dessutan låg to husmannsplassar under Besserud. Av kyrkjebøkene går det vidare fram at Ole og Berte, som i den tid hadde Dølden, også brukte dette namnet som familienamn.

Frå tidsrommet 1828-1858 er å fortelja at i 1828 fekk Ole Rasmussen skjøte på ”Dølden af Besserud” og hadde bruket til han i 1857 overlet det til sonen sin Rasmus Olsen for 140 spd. + føderåd verdsett til 100 spd. Ved matrikuleringa i 1838 hadde elles Peder Olsen tatt over og var brukar på Besserud. Matrikkelskylda vart da omrekna og justert til 8 skylddalar 4 ort 4 skilling. – I 1859 var Ole Pedersen vorte gardbrukar i Besserud. Han gav da husmannskontrakt til Ole Paulsen på bruk av bustadrett på bruket Hagen.

Ved den store jordbrukstellinga i 1865 vart det samla inn eit stort materiale og gitt mange nye opplysningar om gardane. Om Besserud er det der fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkje da utgjorde 186 mål, og av dette var 80 mål jord av 1. klasse. For Dølden var dei tilsvarande tal 19 mål og 6 ½ mål. Samtidig er det opplyst at husdyrhaldet på sjølve garden Besserud i den tid var 3 hestar, 19 storfe, 15 sauer og 17 geiter, men dertil var det på husmannsplassar under garden 7 storfe, 12 sauer og 1 geit. På Dølden, som er ført for seg, var krøterhaldet 3 kyr og 5 sauer, og på Besserudhagen var det 1 ku og 3 sauer. – Ført på same måten var utsæden på sjølve garden Besserud ei ½ td. rug, 6 tdr. bygg, 2 tdr. blandkorn, ½ td. ertter og 14 tdr. settepoteter, men dertil var det på plassar under Besserud sådd 2 tdr. blandkorn og sett 2 tdr. poteter. Dessutan var utsæden i Dølden 1 ½ td. blandkorn og 1 ½ td. settepoteter og hos Kr. Nilsen på Besserudhagen ½ td. blandkorn og ½ td. settepoteter.

I 1886 kom endeleg den nye norske matrikkelen, og gardane fekk tildelt nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. – Besserud i Fåberg fekk da gardsnr. 19 av samla skyld 13,55 mark, og det var alt i 1886 tre bruksnr. under gardsnr. 179 Besserud. Det var: a. gr.nr. 179, br.nr. 1 Besserud av skyld 12,67 mark, der Ole Pedersen framleis var eigar og brukar, b. br.nr. 2 Hagen nedre av skyld 0,18 mark, eigar og brukar Hans Kristensen, c. br.nr. 3 Dølden, skyld 0,70 mark, der Ole Olsen Dølden var brukar og eigar.

Tretten år seinare gav i 1899 Ole P. Besserud skjøte til sønene sine Petter og Karl Besserud ved løytnant Johs. Haave for sum kr. 12000 + føderåd av 5-årig verdi kr. 2000. På Hagen nedre, der Hans Kristensen Besserud i den tid åtte bruket, skjøta han det i 1903 til svigerpersonen Ole Antonsen. Same året gav og Ole Olsen Dølden skjøte til sonen Syver for kjøpesum kr. 700 + føderåd til foreldra.

Etter det kommunale manntal av 1907 var det da skjedd dei skifte at Petter Besserud hadde overtatt drifta av garden åleine, føderådsmann i Dølden, Ole Olsen, levde ennå og var i vigør, men hadde da levd i 80 år.

I dei seinare år vart så etter kvart fleire bruksnr. fråparsellert og unnaselt gardsnr. 179 Besserud. Såleis kjøpte i 1922 Carl Bøecker br.nr. 5 Storsveen av skyld 0,20 mark; Johs. Løkken kjøpte i 1923 br.nr. 6 Solbraa, skyld 2,00 mark, og Anton Olsen kjøpte samtidig br.nr. 7 Mitli, også av skyld 2,00 mark. Br.nr. 8 Bergen av skyld 1,23 mark vart selt til Markus Danielsen, og br.nr. 9 Stuebakken av skyld 0,30 mark til Fredrik Fjelstad.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa i 1939 fem bruksnummer under gardsnr. 179 som hadde eit jordbruksareal på meir enn 15 mål (da). Det var: 1. gr.nr. 179, br.nr. 1 Besserud med eit jordbruksareal på ca. 60 mål og med Sverre Besserud som eigar og brukar, b. br.nr. 2 Besserudhagen (Bergen), jordbr. areal ca. 15 mål, eigar og brukar: Einar Rustadstuen, c. br.nr. 3 Dølden, areal ca. 18 mål, eigar og brukar: Syver Dølden, d. Br.nr. 6 Solbrå med jordbr. areal ca. 50 mål (da) og med Johs. Løkken Solbrå som eigar og brukar.